Oddbjørn Leirvik;

Kristendom og islam: konfrontasjon eller dialog?

Olsokforedrag i Borgund kyrkjeakademi, Sunnmøre Museum 29. juli 2011 – i lys av 22. juli

Det var i mars i år eg vart oppringt frå Borgund kyrkjeakademi med spørsmål om eg ville kome og snakke om forholdet mellom kristne og muslimar på eit olsokarrangement. Tanken var at eg skulle seie litt om den kristen-muslimske dialogen her til lands, men også at eg skulle kommentere den konfronterande islamdebatten som dei siste åra har prega ordskiftet om det fleirreligiøse samfunnet. Sjølv tenkte eg at det også ville vere naturleg å kome inn på spørsmålet om ”norske verdiar”: er det ein grunnleggande verdikonflikt mellom kristne og muslimar, eller finst det nokre fundamentale verdiar som samlar oss som folk på tvers av tru og livssyn?

Alt dette er tema som eg har talt og skrive om i uttallege samanhengar dei siste par tiåra. Men det er lenge sidan eg har vore så uroleg framfor eit foredrag som denne veka. For kva ord eller analyser er det som gir meining no, under det voldsomme trykket frå ein ufatteleg udåd der gjerningsmannen til overmål presenterer seg som ein riddar for den europeiske kristendommen? Og er ikkje den vondskapen vi har vore vitner til så ubegripeleg at det rett og slett ikkje gir meining å prøve å setje det som har skjedd inn i ein større samanheng?

I dette olsokforedraget vil eg i stor grad halde meg til det eg hadde tenkt å tale om før dei grufulle hendingane som no fyller oss alle. Men det er jo ikkje til å unngå at temaet ”konfrontasjon eller dialog” no har fått eit anna lys over seg enn det hadde for ei veke sidan. På veg inn i det avtalte temaet vil eg derfor få dele to opplevingar frå den siste veka med dykk. Det eine er den overveldande kjensla av solidaritet på tvers av politiske syn og religiøs identitet som har utfalda seg framfor augene vore i dei mektige minnemarkeringane vi har hatt i gater, kyrkjer og moskear dei siste veka. Sjølv fekk eg vere med på å fylle gatene her i Ålesund, og kjenne på den mektige solidariteten som no knyter oss alle saman. Eg fekk også vere med på den muslimsk-kristne minnemarkeringa som ein av moskeane i Oslo tok initiativ til tidlegare denne veka. I dag har Islamsk Råd mobilisert til enda eit solidartitetstog med det norske folk. Det er tydeleg at også norske muslimar i denne situasjonen kjenner seg omslutta

av eit sterkt, folkeleg samhald. Ein av dei muslimske leiarane som var med i kriseteamet på Sundvollen uttrykte det slik: ”Det er fremmedfrykt som har skapt denne tragedien, men det forferdelige som har hendt kommer til å føre til at nordmenn og innvandrere får et sterkere samhold. Det er Norge som har vunnet, ikke terroristen.”[1]

Den andre opplevinga som eg – med ei viss nøling – vil dele, peikar i motsett retning. Lat meg fortelje dykk korleis eg vart merksam på kva var i ferd med å skje den lange fredagen, medan nyheita om bombeeksplosjonen enno var heilt fersk. Eg ser kona mi stige ut av bilen og kome opp mot huset etter ein tur på butikken, med eit skrekkslagent uttrykk i ansiktet. På butikken hadde ho overhøyrt følgjande følgjande ordveksling mellom to kvinner: ”Dei har visst sprengt ei bombe i regjeringskvartalet!” Den eldre kvinna sin umiddelbare reaksjon er ordrett som følgjer: ”Ja, då er det vel dei jævla muslimane igjen! Dei skulle vore skotne kvar einaste ein!”

Leiinga i Islamsk Råd kan då fortelje at det fem minutt etter angrepet begynte å strømme inn hatmail til dei, med beskjed om at dei burde kome seg ut av Norge. Dama i butikken sa at dei burde skytast.

Så var det altså nokre andre som vart skotne på Utøya – nokre av dei muslimar, dei fleste truleg kristne eller humanetikarar. Dei som vart massakrert, var unge menneske med eit felles verdisyn der kampen for eit solidarisk og inkluderande samfunn er den store hjartesaka. I tillegg kjem dei døde i og ved regjeringsbygga. I den djevelske logikken til gjerningsmannen var det representantane for styresmaktene og venstresida som skulle rammast først, fordi dei – slik gjerningsmannen forklarte under fengslingsmøtet – med sin multikulturalistiske politikk har lagt Europa opent for islamsk kolonisering.

I dag tar alle, truleg også dama på butikken, fullstendig avstand frå det terroristen har gjort. Men det skremmer meg veldig at det midt i ein daglegvarebutikk på Sunnmøre kan høyrast ytringar som den eg siterte. Og spørsmålet melder seg: har den hatefulle talen mot muslimar og forakten for det fleirkulturelle samfunnet blitt så utbreidd hos oss at verken vi eller Politiets Sikkerhetstjeneste greier å forestille seg valdspotensialet i dette hatet? Den nådelause

---

[1] Sekretær i moskeen Minhaj Ul Quran i Oslo, Faiz Alam, til VG-nett (http://www.vg.no/nyheter/innenriks/oslobomben/artikkel.php?artid=10080718)

valdsviljen i den militante islamismen er vi alle kritisk klar over. Men vil vi i tida framovoer også greie å ta inn over oss valdspotensialet i ein norsk høgreekstremisme som smykkar seg med karakteristikkar som konservativ kristen?

Eg lar spørsmålet henge der når eg no går vidare i det eg hadde tenkt å snakke om når det gjeld forholdet mellom kristne og muslimar i Norge.

Eit todelt biltete frå 1990

Lat meg ta dykk med tilbake til eit todelt bilete av konfrontasjon og dialog frå vel tjue år tilbake. Året etter 1990, det er eit år etter Murens fall, og vi ser dei første teikna på at islam hos mange er i ferd med å overta kommunismen si rolle som Vestens antatte hovudfiende. På Sjømannsmisjonen sitt årsmøte i Bergen står Rolv Wesenlund, invitert som folkereligiøs gjestetalar for å seie noko om kristendommen si stilling i landet vårt. I følgje avisreferatet i Vårt Land nytta Wesenlund høvet til å mane til åndskamp mot islam. No må skulen sin kristne profil styrkast, sa han, slik at ungane våre kan ha noko å stille opp med overfor islam som – i følgje Wesenlund – slett ikkje er nokon tolerant religion. Det han ville forsvare med kristne formålsparagrafar, vart noko han kalla ”vår norske, protestantiske tro”.[2] Slik stod han fram som representant for ein kristen nasjonalisme som ser islam som hovudfienden.

Det same året kunne avisene melde om det første offisielle besøket frå ein norsk biskop i ein norsk moské, ved dåverande biskop Bjørn Bue,. Kanskje var det ikkje tilfeldig at det var ein tidlegare misjonær som sette seg ned på golvet for å samtale med imam Chishti, i Oslos største norsk-pakistanske moské. Også i sunnmørssamanheng har eg opplevd at misjonærar har eit langt mindre fordomsfullt forhold til muslimar enn kva folk flest synest å ha. I følgje avissreferatet var biskopen og imamen innom både åndelege og moralske spørsmål. Dei konstaterte at dei var einige om mykje, men også usamde på nokre viktige punkt. Noko åndskamp var det likevel ikkje tale om, snarare respektfull dialog. Og som vi kunne sjå av eit fantastisk bilete i Aftenposten der dei to mennene strålar mot kvarandre, kulminerte besøket med at imamen og biskopen løfta sine tekrus og skålte saman for ein alkoholfri livsstil.[3] Dei hadde oppdaga ei felles hjartesak. Av reportasjen går det også fram at dei to møttest på eit djupare plan enn det som har med moralske alliansar å gjere. Det verkar som dei kjende igjen

---

2 *Vårt Land* 4. september 1990: ”Wesenlund maner til åndskamp mot islam”.

3 *Aftenposten* 29. oktober 1990: ”Vi må bli bedre kjent”.

sporet av Gud i kvarandre sine ansikt. Begge to har etter dette gått heim til Gud. Kanskje har dei fått sjansen til å bli enda betre kjende på den andre sida.

Dialogrørsla

Sjølv har eg hatt det privilegiet at eg dei siste femogtjue åra har fått vere med på å byggje opp nokre fora for tillitsbyggande dialog mellom kristne og muslimar her til lands – først lokalt på austkanten i Oslo, dernest nasjonalt. Eg var med på at ta initiativet til det som skulle bli den nasjonale Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg Råd og Islamsk Råd, som har vore i arbeid frå 1993.[4] I eit internasjonalt perspektiv var 1993 det året då den amerikanske statsvitaren Samuel Huntington publiserte sin kjende artikkel om ”Clash of Civilizations”, der den islamske verda blir framstilt som Vesten sin mest sannsynlege hovudfiende i tida framover.[5] Men liksom Wesenlund tre år før vart motsagt av biskop Bue og imam Chishti, fekk vi også i 1993 sjå eit mektig motbilete til Huntington sine pessimistiske spådommar. For dette var det året då det såkalla Verdensparlamentet for religionane på sitt møte i Chicago vedtok ei erklæring om global etikk der er den gylne regelen som står i fokus: ”Alt du vil at andre skal gjere mot deg, skal du også gjere mot dei”. I denne erklæringa er det ikkje snakk om oss og dei, men meg og deg.[6]

Arbeidet i den norske Kontaktgruppa for kristne og muslimske leiarar kan godt seiast å ha hatt den gylne regelegn som rettesnor. Arbeidet har tatt sikte på å etablere eit felles etisk engasjement som kan demme opp for dei konfronterande og ofte valdelege kreftene som vi finn både i kristne og muslimske kulturane. Det som etter kvart har utkrystallisert seg som ei felles forplikting i den kristen-muslimske dialogen i Norge, er å forsvare minoritetane mot overgrep frå majoriteten. Det byrja vel med at vi som kristne måtte lytte oss inn på muslimane sine minoritetsbekymringar, som då dei på midten av 90-talet – saman med jødar og humanetikarar – uttrykte sin frustrasjon over å bli pressa inn i eit nytt og obligatorisk kristendoms- og religionsfag (KRL-faget) som frå starten vart nokså sterkt prega av kristne majoritetsinteresser. Men heilt frå starten vart også muslimane utfordra til å ta inn over seg kristne sine minoritetsbekymringar, ikkje her i Norge men for eksempel i Pakistan der dei kristne sin situasjon har blitt stadig forverra på grunn av den hardhendte islamiseringa av

---

4 Kontaktgruppa si heimeside: http://folk.uio.no/leirvik/Kontaktgruppa.htm

5 *Foreign Affairs* 72 (3), s. 22-49.

6 Erklæringa finst på norsk i Oddbjørn Leirvik: *Religionsdialog på norsk*. Oslo: Pax 2001, s. 235-248.

lovverket og veksten i valdeleg muslimsk ekstremisme. Eg hugsar eit møte i Kontaktgruppa i ein av Oslos moskear i 1995 der vi hadde to hovudsaker på dagsordenen. Den eine var det annonserte KRL-faget som mange muslimar – før dei inkluderande justeringane som har blitt gjort dei siste åra – opplevde som sterkt problematisk. Den andre saka handla om dødsdommen mot tre kristne som stod tiltalt under Pakistans horrible blasfemiparagraf. Dette er ein paragraf som så å seie inviterer muslimar til å fabrikere klagemål mot kristne (eller muslimske minoritetsgrupper som Ahmadiyyamuslimane) om å ha vanæra Profeten. Grunnen til at vi måtte ta opp denne saka i Norge, var at eit par imamar viste seg å ha støtta dødsdommane. Både denne saka og (utan samanlikning elles) diskusjonen om KRL-faget var såpass vanskelege at det kjendest nødvendig å be for møtet. Imamen som opna møtet, ba først – deretter spurde han om ikkje også vi kristne ville be ei bøn. Det gjorde eg så, i Jesu namn, midt i moskeen. Mot slutten av møtet vart vi kristne igjen invitert til å be, og vi ba Fadervår høgt saman.

Men det at bøner steig opp, løyste ikkje utan vidare dei vanskelege sakene. Sjølv om Islamsk Råd gjekk langt i å ta avstand frå dødsdommane (som for øvrig vart omgjort av ein høgare rettsinstans i Pakistan), syntest vi på kyrkjeleg side at dei godt kunne vore enda tydelegare i sin kritikk av ein blasfemiparagraf som føreskriv dødsdom for å vanære Profeten og livstid for å spotte Koranen.

Ti år seinare fekk eg vere med på ei kristen-muslimsk delegasjonsreise til Pakistan, med det formålet å få førstehandsinntrykk av dei religiøse minoritetane sin situasjon. I motsetnad til den vanskelege samtalen ti år tidlegare, kjende vi at vi reiste til Pakistan med ein felles, menneskerettleg dagsorden som også var opplevd å spegle norske fellesverdiar. Når vi utfordra konservative muslimske leiarar på blasfemiparagrafen, gjorde det ingen forskjell kven som førte ordet. Om det var ein norsk muslim eller ein norsk kristen som snakka, stod vi saman i ønskjet om å verne utsette minoritetar mot overgrep. Det felles engasjementet for minoritetane sin situasjonen har seinare kome til uttrykk i fellesfråsegner frå Kontaktgruppa med overskrifter som ”Stopp volden mot kristne i Pakistan” (2009).[7]

Noko har openbert endra seg gjennom ti-femten års tillitsbyggande religionsdialog, ikkje berre mellom kristne og muslimar men også i fora der representantar for dei andre religionane

[7] http://www.kirken.no/?event=showNews&FamID=93378

og Human-Etisk Forbund deltar. Slik eg har opplevd det, har religiøse og humanistiske leiararar i Norge utvikla eit felles engasjement for det sårbare mennesket. Ser ein på dei fellesfråsegnene som den kristen-muslimske Kontaktgruppa har kome med dei seinaste åra, vil ein oppdage at engasjementet ikkje berre rettar seg mot utsette grupper, men også sårbare enkeltmenneske som kan bli utsett for overgrep frå si *eiga* religiøse gruppe. I 2007, etter langt og grundig førebuingsarbeid, vedtok den kristen-muslimske Kontaktgruppa ei felles fråsegn om retten til å skifte religion, utan å bli møtt med noka form for straffetiltak frå familie eller trusfellesskap.[8] Den kristen-muslimske fellesfråsegna var truleg den første i sitt slag i heile verda og fekk då også stor merksemd internasjonalt – faktisk enda meir enn i Norge der mediene gjennomgåande har vore meir opptatt av dårlege enn av gode nyheiter når det gjeld forholdet mellom religionane. I 2009 publiserte den kristen-muslimske Kontaktgruppa nok ei fellesfråsegn, denne gongen om vald i nære relasjonar, i kritisk medvit om at dei kulturelle og religiøse tradisjonane våre kan misbrukast til å halde barn og kvinner nede med trugsmål om vald.[9]

Enda fleire eksempel kunne ha vore nemnde frå den kristen-muslimske dialogen, eller skal vi heller seie det kristen-muslimske *samarbeidet* i Norge. Det som har blitt eit felles fokus for dette samarbeidet, er nettopp vernet av det sårbare individet, slik heile folket no har stått saman mot terroren den siste veka. Så er det då heller ikkje berre i religiøse samanhengar at eit felles, humanistisk verdiengasjement har fått utvikle seg. Ikkje minst i AUF og dei andre politiske ungdomsorganisasjonane, ser vi i dag at unge står saman heilt på tvers av tru og livssyn om dei verdiane som dei ønskjer å hegne om – med Nordahl Grieg sine ord: ”som om vi bar et barn varsomt på armen”.

Om vi vender tilbake til den institusjonaliserte dialogen mellom trus- og livssynssamfunna, har denne også bidratt til ei avgjerande tillitsbygging. Den tilliten som er skapt mellom lokale og nasjonale leiarar, gjer at ein også kan står saman i krisetider. Då karikaturkrisa braut ut i 2006, kunne norske styresmakter støtte seg på den norske religionsdialogen. Dette bidrog til av vi fann meir forsonlege løysingar på krisa her hos oss enn i vårt naboland Danmark der regjeringa rett og slett nekta å snakke med dei muslimske organisasjonane.[10]

---

8 http://www.kirken.no/?event=showNews&FamID=17453

9 http://www.kirken.no/?event=showNews&FamID=101461

10 For ein analyse av karikaturstriden i Norge, sjå Oddbjørn Leirvik: ”Kva var karikaturstriden eit bilete på?”, *Kirke og Kultur* 2: 2006, s. 147-160 (http://folk.uio.no/leirvik/tekster/KarikatursakaLeirvikKOK.htm)

Når det gjeld den aktuelle situasjonen, var representantar for Den norske kyrkja og Islamsk Råd i går samla for å samtale om korleis vi saman kan takle den grufulle krisa som no har ramma oss alle.

Motkreftene

Men ikkje alle er like glade for den veksande dialogrørsla i Norge, som også styresmaktene i stigande grad støttar opp om. Ein av VG sine avisteiknarar har heilt frå karikaturstriden regelmessig utstyrt Jonas Gahr Støre med spottande snakkebobler der det står ”dialog, dialog, dialog”. Tanken bak er at dialog er ei harmoniserande kommunikasjonsform som legg band på kritiske ytringar og hindrar den meir konfronterande debatten i samfunnet. Skal vi ikkje kunne håne kven vi vil, og utstyre Muhammad med bombe i turbanen og ein dolk på lur om vi meiner det mål for å provosere fram ein nødvendig debatt? Spør mange, som synest dialog med islam er godtruande og naivt.

Men dei som karakteriserer religionsdialogen som harmoniserande, tar feil. Som eg har prøvd å vise, kan ein vanskeleg karakterisere den norske religionsdialogen som konfliktsky. Det er høgst sensitive spørsmål som har stått i fokus for samtalen. Forskjellen er at kritiske spørsmål i dialogen sitt rom blir adressert i ein tillitsfull atmosfære. Mi erfaring er: dess større tilliten er, dess meir sensivitive spørsmål kan vi også takle saman.

Likevel finst det altså sterke motkrefter til religionsdialogen i Norge. I politisk samanheng er det ikkje til å kome bort i frå at det særleg er eitt parti som har vore fanførar for den konfronterande og mistenkeleggjerande omtalen av muslimane som har gripe om seg i samfunnsdebatten. Det byrja i 1987, då Carl I. Hagen på eit møte under valkampen vifta med eit brev frå ein norsk muslim, der ”Mustafa” forklarte korleis Norge skulle gjerast til eit muslimsk land. Det viste seg snart at brevet var oppdikta, og Hagen måtte beklage det heile.[11] Likevel skjedde det at leiande talsmenn for partiet ti år seinare, under valkampen i 1997, gjekk ut med kraftige appellar til norske kristne om å stemme på FrP for å hindre at muslimane tar over landet. I 2004 heldt så Carl I. Hagen sin kjende tale i Levende Ord i Bergen, der han for første gong brukte vendinga ”vi kristne” då han talte til den karismatiske forsamlinga. I talen sette Hagen den fredsæle Jesus som sa ”lat dei små borna kome til meg”

[11] http://no.wikipedia.org/wiki/Mustafa-brevet

opp mot Muhammad som viss han skulle sagt noko liknande – meinte Hagen – ville prøvd å verve småborna til heilag krig.[12] I sjølvbiografien frå 2007 følgjer han opp med å karakterisere Muhammad som ”krigsherren, voldsmannen og kvinnemishandleren … som myrdet og aksepterte voldtekt som erobringsteknikk”.[13] I 2009 kjem så Siv Jensen med sitt ustpel om ”snikislamisering” av Norge, der ho i ånda frå det falske Mustafa-brevet i 1987 får samtlege norske muslimar til å kjenne seg mistenkeleggjort – som pådrivarar for ei statsstøtta islamisering av Norge.[14]

Parallelt med Carl I. Hagen og Siv Jensen sine utfall mot muslimane (eller som det gjerne – hakket meir nyansert – heiter no, mot ”islamistane”) har vi sett framveksten av ein stadig meir hatskt debatt på internett – både i anti-islamske nettfora som Document.no og Honestthinking.org i avisene sine nettutgåver. Også i kristne kretsar ser vi liknande tendensar. Eg vil særleg trekkje fram bøkene til den kristne konvertitten frå islam, Mark Gabriel, som er utgitt på norsk av misjonsorganisasjonen Ungdom i Oppdrag og etter det eg forstår har selt i tusenvis, ikkje minst her på Vestlandet. I hans bok *Islam og terrorisme*, som kom på norsk i 2003,[15] får vi vite at islam si historie er som ei elv av blod; at muslimar meiner at dei fredsæle passasjane i Koranen er avskaffa av dei mest konfronterande versa; at det fremste målet for einkvar muslim er verdsherredøme i Allahs namn; og at ein må rekne med at dialogvennlege muslimar systematisk skjuler sitt eigentlege formål som er å ta kontroll over Vesten. Til forskjell blir kristendommen i bøkene hans framstilt som ein rein og upletta religion.

Året etter vart den nemnde boka til Gabriel løfta fram av Carl I. Hagen i ein fjernsynsdebatt, som eksempel på truverdig informasjon om islam.[16]

Er dette den måten folk flest i Norge tenkjer og snakkar om islam og muslimar? Meiningsmålingar som Integreringsbarometeret viser at halvparten av borgarane er skeptiske til at muslimane får byggje moskear, og meiner at islamske verdiar ikkje kan sameinast med

---

12 http://www.nrk.no/nyheter/innenriks/3931619.html (”Hagen angrep islam”).

13 Carl I. Hagen: *Ærlig talt.* Oslo: Cappelen Damm 2007, s. 539.

14 For ein analyse av dette utspelet, sjå Cora Alexa Døving: “Snikislamisering?”, *Dagsavisen* 27. mars 2009 (http://www.dagsavisen.no/meninger/article407286.ece).

15 Utgitt av forlaget Prokla Media.

16 Jf. Oddbjørn Leirvik: ”Boka Hagen har lest”, *Dagbladet* 20. november 2004 (http://www.dagbladet.no/kultur/2004/11/20/415101.html)

norske.[17] Likevel er biletet samansett, for parallelt med den konfronterande og mistenkeleggjerande debatten har også dialogrørsla vakse seg sterk. Fleire gongar når FrP har kome med politiske utspel av den typen eg har nemnt, har ein brei allianse av norske kyrkjeleiarar gått ut med åtvaringar ”mot islamofobi og islamofobi”.[18] Dette var formuleringa som vart brukt då kristenleiarar (inklusive Aril Edvardsen og Åge Åleskjær) protesterte mot Hagen sin tale til Levende Ord i 2004. Første gongen kristenleiarane gjekk ut med solidaritetserklæringar med muslimane var vel under valkampen i 1997, då ei svært brei gruppe av leiarar – frå dei mest konservative til dei mest liberale i Den norske kyrkja, frå pinsevennar til katolikkar i den økumeniske familien – svarte på FrP sine appellar om kristen motstand mot islam med å skrive eit sjølvkritisk hyrdebrev til norske kristne der ein åtvarar mot religiøst motivert framandfrykt.[19]

I ein sum kan sjå ut som biletet er som følgjer: ein stadig hardare debatt hos folk flest brytest med ei stadig sterkare dialogrørsle mellom religiøse leiarar.

Kvar står muslimane?

Kvar er så muslimane i dette biletet? Også hos norske muslimar finst det klare spenningar mellom konfrontasjon og dialog. Dei siste åra har det ved fleire høve blitt tydeleg at ein del unge, truleg også nyinnvandra muslimar, er skeptiske til Islamsk Råd si dialogorienterte linje. Mot Islamsk Råd sitt ønskje tok fleire tusen i februar 2010 til gatene i Oslo då Dagbladet trykte ein Muhammad-karikatur som illustrasjon til ei nyheitssak. Det var ved dette høvet den unge appellanten Mohyeldeen Mohammed klaga Norge for å ha gått til korstog mot islam.[20] Når det gjeld verdispørsmål, finn vi på den eine ytterkanten folk som Arfan Bhatti som vart dømt for medverknad til dei skota som vart losna mot synagoga i Oslo i 2006. I eit intervju med Dagbladet i 2002, etter at han hadde funne tilbake til sin islamske identitet under eit fengselsopphald, uttalte følgjande: ”Jeg lever for islam, og hater norske verdier”.[21] Men kven

---

17[17] Integrerings- og mangfoldsdirektoratet/TNS Gallup: ”Integreringsbarometeret. Holdninger til integrering og mangfold 2005-10. Tabellrapport” (http://www.imdi.no/Documents/Rapporter/Integreringsbarometeret%202010_Tabellrapport.pdf)

[18] http://www.kirken.no/?event=showNews&FamId=4679

[19] http://folk.uio.no/leirvik/tekster/Hyrdebrev1997.doc

[20] For ein analyse, sjå Lena Larsen: ”Striden om Muhammed”, *Dagbladet* 13. februar 2002 (http://www.dagbladet.no/2010/02/13/nyheter/debatt/muhammad-karikaturene/islam/10377363/)

[21] *Dagbladet* 26. august 2002 (http://www.dagbladet.no/nyheter/2002/08/26/346999.html)

er det som er representative for norske muslimar – Bhatti, eller den pakistanske imamen som gjekk på solidaritetsbesøk til synagogen rett etter skytinga?[22]

Når det gjeld muslimar sitt forhold til norske verdiar, er det to forhold eg gjerne vil peike på. For det første: Når kvinner blir hardhendt undertrykt i muslimske miljø, er det i stigande grad kvinner med muslimsk kulturbakgrunn som går i bresjen for å konfrontere dette. Tenk berre på dei mange sterke somaliske kvinnene, for eksempel forfattaren Amal Aden som i 2008 gav ut boka *Se oss. Bekymringsmelding fra en ung norsk-somalisk kvinne*.[23] Mange med henne har stått fram og med kraft konfrontert kvinneundertrykkinga og isolasjonstendensane i sitt eige miljø. I ein kronikk i Aftenposten frå 2009, med overskrifta ”Muslimer i endring”, skreiv den dåverande leiaren for Muslimsk Studentsamfunn Bushra Ishaq følgjande: ”Den muslimske Nora oppvokst i norske skoler bryter seg nå løs fra … tradisjonelle holdninger. Vi tar kampen om å realisere oss selv som selvstendige individer der vi som norske jenter er opplært til likestillingskamp. Uten den norske kulturens fundamentale påvirkning og velferdsstatens verdier, som gir like rettigheter til alle samfunnsborgere, ville ikke den gryende muslimske feminismen vært en realitet.”[24]

Sitatet illustrerer kor sterkt ein del unge muslimar idenfiserer seg med norske likestillingsverdiar, og korleis deira bilete av islam tar farge av det norske verdifellesskapet. Det siste er ogs med på å prege deira bilete av Muhammad. I ei masteroppgåve som ein av mine studentar leverte i fjor, med overskrifta ”Bilder av Muhammad i de troendes sinn”, intervjua han eit utval unge vaksne muslimar med sterk tilknyting til moskeane om deira bilete av Muhammad.[25] Det mest slåande funnet var kor sterkt biletet av Profeten var farga av norske fellesverdiar. Ein av dei som han intervjua trekte linjer mellom Muhammads åtferd og det ho kalla ”norsk folkeskikk”. Ei anna fortalde korleis Muhammads omsorg for dei svake hadde inspirert henne til å bli sosionom. Mange trekte også fram hans tålmod i tunge stunder som eit trøystande ideal. Biletet av Muhammad som hærførar var nesten ikkje mogeleg å skimte. Det som dominerte, var biletet Muhammad som moralsk og åndeleg førebilete.

---

22 ” De som gjorde dette, har ingen religion”, *Dagbladet* 21. september 2006 (http://www.dagbladet.no/nyheter/2006/09/21/477436.html)

23 Utgitt av Aschehoug forlag.

24 Bushra Ishaq: ”Muslimer i endring”, *Aftenposten* 5. september 2009 (http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article3252237.ece)

25 Aksel M. Bjerke: ”Bilder av Muhammad i den troendes sinn. Takknemlighet og etterfølgelse.” Masteroppgave i Religion og samfunn, Det teologiske fakultet, Universitetet i Oslo 2010 (http://www.duo.uio.no/publ/teologi/2010/102208/MasterAkselMBjerkexVersjonx2.pdf)

Så kan vi spørje: Kan vi då gjere Muhammad og Jesus til kven som helst, og la dei spegle våre eigne verdiar? Ja, vi kan faktisk det og vi gjer det heile tida, på godt og vondt. Mest på godt, får vi håpe. Men muslimske fredselskarar må kome til rette med at også har funnest ein Osama bin Laden, liksom fredsæle norske kristne må sjå i kvitauget at kristne tradisjonar også kan brukast til å motivere terrorhandlingar som dei Anders Behring Breivik no har utført.

Olsok og Stiklestad

På ein olsokkveld som denne skulle det ikkje vere vanskeleg for oss å erkjenne kor spenningsfylte våre religiøse tradisjonar er. I norsk kristendom er krigarkongen Olav den Heilage, som med sverd tvinga folk til tru, for lengst pasifisert og den såkalla ”Olavsarven” har blitt fokus for ein fredssæl pilegrimshær. Igjen ser vi korleis dei religiøse tradisjonane blir omforma i samsvar med våre eigne verdiar.

I år har Gunnar Stålsett tatt til orde for at Stiklestad bør gjerast til eit senter for religionsdialog, ikkje minst med tanke på den sjølvkritiske samtalen om religion og vald som verken kristne eller muslimar no kan skjerme seg mot. Eg synest tanken er god, men har vanskeleg for å sjå at Olav den Heilage kan vere noko anna enn eit *kritis*k eksempel på kor valdeleg den religiøse nasjonalismen kan vere. Initiativet frå Stålsett provoserte straks ein konfronterande motreaksjon, frå representantar for den såkalla ”Aksjon Stiklestad” som ville hegne om Stiklestad som ”et sted som representerer de norske jødisk-kristne røttene”.[26] Etter terrorhendingane uttalte ein av aksjonen sine talsmenn skremmande nok at sjølv om han tok fullstendig avstand frå terroraksjonen, er det gjerningsmannen har skrive, ”ikke så halsbrekkende galt”.[27]

I tida framover er det kanskje nettopp dette spørsmålet vi må ta innover oss: Er det verkeleg slik at udådsmannen sin måte å tenkje om islam, Norge og Europa på, faktisk gir gjenklang i breie nasjonalistiske og islamkritiske kretsar?

Eg håper av heile mi sjel at samtalen skal få eit anna og meir positivt fokus, nemleg korleis vi på tvers av tru og livssyn kan verne om det sårbare mennesket som er truga av religiøst

---

[26] ”Heller dialog med jøder”, *Vårt Land* 21. juli 2011 (http://www.vl.no/kultur/article137674.zrm).

[27] Aksjonister slåss videre mot flerkulturelt Stiklestad”, *Aftenposten* 26. juli 2011 (http://www.aftenposten.no/kul_und/article4184153.ece). Jf. ”Avlyser aksjon på Stiklestad”, *Aftenposten* 28. juli 2011.

motivert valdsutøving. Nettopp fordi vår eiga kristendomshistorie er så valdeleg som den er, kan det – paradoksalt nok – hende at olsok og Stiklestad er den rette anledninga og den rette staden for ein sjølranskande dialog.